



## Meland Kyrkjekontor Den norske kyrkja

### Vil de støtte 150 årsjubileet for Meland kyrkje?

Meland kyrkje vart bygd i 1866 og fyller 150 år i 2016. Kyrkjebygningen er viktig som identitetsmerke for kommunen, og er samtidig den eldste samlingsstaden som framleis er i dagleg bruk. Det er eit sterkt forhold mellom folk og kyrkje, vil vi meine. Vi planlegg eit jubileum med mykje godt program, med høg kvalitet, men også med breitt nedslagsfelt mellom ulike målgrupper og aldersgrupper.

Vi kan nemne alt frå at barnehage- og skulebarna skal gå dei gamle kyrkjevegane i april til konsert med Iver Kleive og lokale kor i oktober. Eit prosjektkor kjem i gang over nyttår og skal synge gamle striletonar til hausten, saman med Kjersti Wiik mfl. Dei lokale og norgesturnerande utøvarane Team Sulebakk og Bjarte Leithaug har BarneFestkonsert, det blir arrangert bygdekveld med Meland musikklag og vi får besøk av operasangarar frå Dresden i Tyskland. Og det blir utgitt eit jubileumskriv, sendt til alle husstandar.

Vi kjem til å la eventuelle overskot av arrangementa gå til eit aktuelt hjelpeprosjekt gjennom Kirkens nødhjelp, og ber lokale utøvarar om å avstå frå heile eller delar av honoraret. Jubileet vil likevel koste ein heil del, og vi vil trenge sponsorar, ikkje minst for å kunne legge pengar i PR-arbeidet, for å kunne tilby gode løysingar på lyd og lys, og for å kunne tilby arrangement utan kostnad til skular og barnehagar eller ikkje for dyre billettar til barnefamiljar. Budsjettet kan vi legge fram om de er interessert.

Vi håpar kommunen også kan og vil vere med på denne store dugnaden for å markere denne viktige identitetsberaren for folket kommunen vår.

Vedlegg:

- \* førebels programfoldar
- \* budsjett for jubileet

Vennleg helsing

Anne Sofie N. Uthaug  
Kyrkjeverje, for jubileumskomiteen og Meland sokneråd

---

Postadresse:  
Boks 117  
5906 Frekhaug

Besøksadr.:  
Frekhaug torg, 2.etasje  
Havnevegen 31  
Frekhaug

Telefon: 56 17 14 80

Telefax: 56 35 68 2727

e-post: [post@melandkyrkja.no](mailto:post@melandkyrkja.no)

Kontonr:3632.07.04019

Fast treffetid:  
Man-, ons-, fredag 12.00-15.00

Nettside: [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Org.nr. 976995406